

MEDDELELSE FRA VEGDIREKTÖREN

NR. 5

Praktisk stikking av overgangskurver. — Snøbrøyting og vintervedlikehold på norske høgfjellsveger. — Transportomkostninger og linjevalg. — En nyttig bok for vegingeniører. — Antall arbeidere ved de av vegvesenet administrerte veganlegg pr. 15. mars 1943. — Antall arbeidere ved vegvedlikeholdet pr. 15. mars 1943. — Dødsfall. — Personalia. — Mindre meddelelser. — Velosipeden. — Litteratur. — Rettelse.

MAI 1943

PRAKTIK STIKKING AV OVERGANGSKURVER

Av avdelingsingenør G. A. Froholm.

I avhandlinga: „Litt om moderne vegbygging“ har eg i kapitlet om overgangskurver forklart kor viktig det er at det blir bygt overgangskurver på moderne bilvegar.

På side 37 er det påvist at aukinga i centrifugalkraft frå $C = 0$ til $C = \frac{Q \cdot v^2}{m \cdot R}$ må fordelast på ei viss tid t , slik at auken pr. sekund: $k = p/t$, kan haldast innafor visse grenser. Auken i centrifugalkraft skal vera jamm, like stor auke pr. sekund. Men då må også krummingen auke jamnt pr. lengdeeining langs kurven, eller kurveradien må minke proporsjonalt med avstand frå OB , som er det punkt vegen går frå rettlinje og inn i overgangskurven (= Overgangskurve begynner).

Det er påvist at Klothoiden er den kurven som har denne form.

Det er forklart korleis ein med hjelp av tabeller kan stikka klothoideforma overgangskurver.

I kapitel VII har eg også forklart korleis ein tilnærma kan stikka overgangskurver som er forma etter:

$$y = \frac{x^3}{6 \cdot L \cdot R} \quad (\text{sjå fig. 45}).^1)$$

Dei overgangskurve-avsett som eg der har nemnt er berre tilnærma rette. Dei er avrunda for å få tal som er lette å minnast, og lette å bruka under praktisk vegstikking.

Seinare har eg arbeidt meir med dette spørsmålet, serleg for å finna tilsvarende formlar for stikking av lenger overgangskurver.

Eg har herunder funne fram til utruleg enkle lover for stikking av overgangskurver. Og desse overgangskurvene blir forma heilt etter det kravet som blir sett til overgangskurver: Krumningsauken pr. lengdeeining (pr. stikkingslengde t. eks.) er konstant.


¹⁾ Figurane og formlane har fått nr. fortlaufende etter dei figurar og formlar eg hadde i „Litt om moderne vegbygging“.

Eg har rekna ut avsetta og sett opp formlar med den fyresetnad at der blir brukt konstant stikkingslengde $= l$ gjenom ein kurve og dei tilhøyrande overgangskurveiene. Men denne stikkingslengda, l , kan veljast lang eller kort. Det vanlege er vel at stikkingslengda er: $l = 10$ m. Men er det kurver med liten radius eller kurver med *korte overgangskurver* bør ein bruka stikkingslengda: $l = 5$ m. I slike høye kan ein kanskje bruka endå kortare stikkingslengd. Helst skulde kvar overgangskurve vera minst 3 gonger so lang som stikkingslengda. Eg har likevel her teke med det tilfellet at overgangskurven er berre 1 og 2 stikkingslengder lang.

Korleavsettet, $2a$, blir utrekna etter den vanlege formelen for rundstikking (stikking av sirkelforma kurver): $2a = \frac{l^2}{R}$

Målet Z for brytingsvinkelen mellom dei to tangentretningane (sjå fig. 42) må mælast mellom vinkelbein som er like lange som stikkingslengda l . Er stikkingslengda t. eks. $l = 5$ m, lyt ein også mæla fram 5 m frå V_p langs kvar tangentretning (= rettlinjeretning) til punkta N og S . Målet $Z = N-S =$ vinkelopning på stikkingslengda, blir mælt i cm.

Teoretisk skulde to kurver til motsett side kunne komme nærmere etter kvarandre at den eine overgangskurven tek til der den andre overgangskurven sluttar. Dette gjeld når køretida i overgangskurven er so lang som den tid som






Fig. 42.

krevst til svinging av rattet. Då kan bilrattet svingast med jamn fart til *ein kant*, frå full sving i den eine kurven til full sving i kurven til motsett side.

Blir der innlagt ei rettlinje mellom to kurver til motsett side, då lyt vognføraren stogga litt med rattsvinginga etter at han har retta styrehjula parallele med vognaksen, før han tek til å svinga styrehjula til motsett side. Det krevst lengre stogg di lengre rettlinja er mellom dei to overgangskurvene til motsett side.

Men ei kort rettlinje, t. eks. so lang som stikkingslengda, l , skulde likevel ikkje verka so mykje uheldig. Av praktiske grunnar er det bra å ha ei slik rettlinje lik stikkingslengda l mellom overgangskurver til motsett side.

For å kunne finna den minste-lengda som krevst av rettlinje + overgangskurve + kurve + overgangskurve reknar eg med rettlinjelengd: $l =$ stikkingslengda, mellom to overgangskurver til motsett side.

Talet på kjeder eller stikkingslengder gjenom overgangskurve + kurve + overgangskurve kallar eg: n .

Talet på kjeder i ein overgangskurve kallar eg: N_0 .

Med hjelp av formelen: $y = \frac{x^3}{6 \cdot L \cdot R}$ har eg rekna ut dei overgangskurveavsett som er oppførde nedanfor:

Overgangskurve som er 1 kjede (eller 1 stikkingslengd) lang:

$$\text{Kordeavsettet kan ein finna av: } 2a = \frac{Z}{n \div 1} \quad (51 \text{ a})$$

| | |
|---|------------------|
| Avsett i overgangskurve + kurve + overgangskurve: | $0,167 \cdot 2a$ |
| + kurve + overgangskurve: | $0,833 \cdot 2a$ |
| | $1,000 \cdot 2a$ |
| | |
| | $1,000 \cdot 2a$ |
| | $0,833 \cdot 2a$ |
| | $0,167 \cdot 2a$ |

Minste lengd av kurve + overgangskurver: $n \cdot l = 4$ stikkingslengder.

Minste lengd av kurve + overgangskurver + 2 halve rettlinjelengder = $(n + 1) \cdot l = 5$ stikkingslengder.

Overgangskurver som er 2 kjeder (stikkingslengder) lang:

$$\text{Kordeavsett: } 2a = \frac{Z}{(n \div 2)} \quad (51)$$

Avsett i overgangskurve + kurve + overgangskurve:

| | |
|--------------------|---------------------------|
| 0,0833 · 2a eller: | $1/6 \cdot 2a/2$ |
| 0,5000 · 2a | $1 \cdot 2a/2$ |
| 0,9167 · 2a | $(2 \div 1/6) \cdot 2a/2$ |
| 1,0000 · 2a | $2 \cdot 2a/2$ |
| | |
| 1,0000 · 2a | $2 \cdot 2a/2$ |
| 0,9167 · 2a | $(2 \div 1/6) \cdot 2a/2$ |
| 0,5000 · 2a | $1 \cdot 2a/2$ |
| 0,0833 · 2a | $1/6 \cdot 2a/2$ |

Minste lengd av kurve + overgangskurver: $n \cdot l = 6$ stikkingslengder.

Minste lengd av kurve + overgangskurver + to halve rettlinjelengder: $(n + 1) \cdot l = 7$ stikkingslengder.

Overgangskurver som er 3 kjeder (stikkingslengder) lange.

$$\text{Kordeavsett: } 2a = \frac{Z}{(n \div 3)} \quad (52)$$

Avsett i overgangskurve + kurve + overgangskurve:

| | |
|---|---------------------------|
| 0,055 · 2a eller: $\frac{1}{6} \cdot \frac{2 \cdot a}{3}$ | $1/6 \cdot 2a/3$ |
| 0,333 · 2a | $1 \cdot 2a/3$ |
| 0,667 · 2a | $2 \cdot 2a/3$ |
| 0,945 · 2a | $(3 \div 1/6) \cdot 2a/3$ |
| 1,000 · 2a | $3 \cdot 2a/3$ |
| | |
| 1,000 · 2a | $3 \cdot 2a/3$ |
| 0,945 · 2a | $(3 \div 1/6) \cdot 2a/3$ |
| 0,667 · 2a | $2 \cdot 2a/3$ |
| 0,333 · 2a | $1 \cdot 2a/3$ |
| 0,055 · 2a | $1/6 \cdot 2a/3$ |

Minste lengd av kurve + overgangskurver: $n \cdot l = 8$ stikkingslengder.

Minste lengd av kurve + overgangskurver + 2 halve rettlinjelengder: $(n + 1) \cdot l = 9$ stikkingslengder.

Overgangskurver som er 4 kjeder (stikkingslengder) lange.

$$\text{Kordeavsett: } 2a = \frac{Z}{(n \div 4)} \quad (53)$$

Avsett i 1. overgangskurve + kurve:

| | |
|--------------------|---------------------------|
| 0,0417 · 2a eller: | $1/6 \cdot 2a/4$ |
| 0,25 · 2a | $1 \cdot 2a/4$ |
| 0,50 · 2a | $2 \cdot 2a/4$ |
| 0,75 · 2a | $3 \cdot 2a/4$ |
| 0,9583 · 2a | $(4 \div 1/6) \cdot 2a/4$ |
| 1,0000 · 2a | $4 \cdot 2a/4$ |
| | |

Minste lengd av kurve + overgangskurver: $n \cdot l = 10$ stikkingslengder.

Minste lengd av kurve + overgangskurver + to halve rettlinjelengder:

$$(n + 1) \cdot l = 11 \cdot l = 11 \text{ stikkingslengder.}$$

Overgangskurver som er 5 kjeder (stikkingslengder) lange.

$$\text{Kordeavsett: } 2a = \frac{Z}{(n \div 5)} \quad (54)$$

Avsett i 1 overgangskurve + kurve:

| | |
|--------------------|---------------------------|
| 0,0333 · 2a eller: | $1/6 \cdot 2a/5$ |
| 0,2000 · 2a | $1 \cdot 2a/5$ |
| 0,4000 · 2a | $2 \cdot 2a/5$ |
| 0,6000 · 2a | $3 \cdot 2a/5$ |
| 0,8000 · 2a | $4 \cdot 2a/5$ |
| 0,9667 · 2a | $(5 \div 1/6) \cdot 2a/5$ |
| 1,0000 · 2a | $5 \cdot 2a/5$ |

Minste lengd av kurve + overgangskurver: $n \cdot l = 12$ stikkingslengder.

Minste lengd av kurve + overgangskurver + to halve rettlinjelengder:

$$(n+1) \cdot l = 13 \text{ stikkingslengder}$$

Overgangskurver som er 6 kjeder (stikkingslengder) lange.

$$\text{Kordeavsett: } 2a = \frac{Z}{(n \div 6)} \quad (55)$$

Avsett i overgangskuve + kurve:

| | |
|---------------------|---------------------------|
| 0,02778 · 2a eller: | $1/6 \cdot 2a/6$ |
| 0,16667 · 2a | $1 \cdot 2a/6$ |
| 0,33333 · 2a | $2 \cdot 2a/6$ |
| 0,50000 · 2a | $3 \cdot 2a/6$ |
| 0,66667 · 2a | $4 \cdot 2a/6$ |
| 0,83333 · 2a | $5 \cdot 2a/6$ |
| 0,97222 · 2a | $(6 \div 1/6) \cdot 2a/6$ |
| 1,00000 · 2a | $6 \cdot 2a/6$ |
| | |

Minste lengd av kurve + overgangskurver: $n \cdot l = 14$ stikkingslengder.

Minste lengd av kurve + overgangskurve + to halve rettlinjelengder:

$$(n+1) \cdot l = 15 \text{ stikkingslengder.}$$

Det er lett å finna det løvfaste tilhøvet mellom lengd av overgangskurve og kurvestikkingsavsett:

Dersom overgangskurven er No kjeder eller stikkingslengder lang, har ein: Kordeavsettet:

$$2a = \frac{Z}{(n \div No)} \quad (56)$$

Avsett i overgangskuve frå rettlinje til kurve:

| | | |
|-----------------------------|---|--|
| $1/6 \cdot 2a/No$ | } | |
| $1 \cdot 2a/No$ | | |
| $2 \cdot 2a/No$ | | |
| $3 \cdot 2a/No$ | | |
| | | |
| $(No \div 1) \cdot 2a/No$ | | |
| $(No \div 1/6) \cdot 2a/No$ | | |
| $No \cdot 2a/No (= 2a)$ | | |
| $No \cdot 2a/No (= 2a)$ | | |
| | | |

Dei same avsett i omvendt orden frå kurve til rettlinje att. Minste lengd av kurve + to overgangskurver:

$$n = LOKO = (2 \cdot No + 2) \text{ kjeder eller stikkingslengder} \quad (58)$$

Minste lengd av kurve + to overgangskurver + to halve rettlinjelengder

$$n + 1 = (2 \cdot No + 3) \text{ stikkingslengder} \quad (59)$$

Dersom det er kordeavsettet $2a$ som blir fastsett (eller kurveradien R), kan ein finna talet på stikkingslengder gjennom overgangskurver og kurve av formelen:

$$n = \frac{Z}{2a} + No \quad (56 b)$$

Det samla talet på avsett gjenom overgangskurve, kurve og overgangskurve er: $n + 1$.

Når ein overgangskurve skal vera No stikkingslengder lang, då er der: $No + 1$ avsett gjenom overgangskurven før ein kjem til fyrste avsettet som er = kordeavsettet = $2a$.

Talet på kordeavsett = $2a$, blir då:

$$N_2a = n + 1 \div 2 (No + 1) = n \div 2No \div 1 \quad (60)$$

Som eksempel på bruk av formlane 51–60 skal eg rekna ut dei ymse data for ein kurve som skal ha overgangskurver med 7 stikkingslengder. Går ut frå at $Z = 450$ cm, og $n = 16$ stikkingslengder.

$$No = 7$$

$$2a = \frac{Z}{(n \div No)} = \frac{450}{(16 \div 7)} = 450/9 = 50 \text{ cm}$$

Avsett i overgangskurven:

| | | |
|---------------------------|--------------------|--------------------|
| $1/6 \cdot 2a/No$ | $1/6 \cdot 50/7$ | $= 1,2 \text{ cm}$ |
| $1 \cdot 2a/No$ | $1 \cdot 50/7$ | $= 7,1 \text{ "}$ |
| $2 \cdot 2a/7$ | $2 \cdot 50/7$ | $= 14,3 \text{ "}$ |
| $3 \cdot 2a/7$ | $3 \cdot 50/7$ | $= 21,4 \text{ "}$ |
| $4 \cdot 2a/7$ | $4 \cdot 50/7$ | $= 28,6 \text{ "}$ |
| $5 \cdot 2a/7$ | $5 \cdot 50/7$ | $= 35,7 \text{ "}$ |
| $6 \cdot 2a/7$ | $6 \cdot 50/7$ | $= 42,9 \text{ "}$ |
| $(7 \div 1/6) \cdot 2a/7$ | $6,833 \cdot 50/7$ | $= 48,8 \text{ "}$ |
| $7 \cdot 2a/7$ | $7 \cdot 50/7$ | $= 50 \text{ "}$ |

Talet på avsett mindre enn $2a$ gjenom kvar overgangskurve:

$$No + 1 = 7 + 1 = 8 \text{ avsett.}$$

Talet på kordeavsett = $2a$, mellom begge overgangskurvene:

$$N_2a = n \div 2No \div 1 = 16 \div 2 \cdot 7 \div 1 = 1 \quad (\text{Formel 60.})$$

Denne kurven hadde soleis den minste lengda han kunde ha. Denne lengda kan ein ogso finna med hjelp av formel 58:

$$LOKO = 2 \cdot No + 2 = 2 \cdot 7 + 2 = 16 \text{ stikkingslengder} = n_{\text{minimum}}$$

Dersom det ved denne kurven blir brukt stikkingslengd $l = 10$ m, vil denne kurven få $R = 200$ m. Då blir overgangskurven 70 m lang.

Etter tabel 21 og fig. 29, side 41 i „Litt om moderne vegbygging“ skal ein kurve med $R = 200$ m teoretisk ha 69,27 m lang overgangskurve, alto ca. 70 m. Køyrefarten i denne kurven kan vera opp til ca. 80 km/time (80,949 km/time, med tverrfall: $q = 6\%$ og med utnytting av ein friksjonskoeffisient: $f = 0,2$). Køyretida gjennom overgangskurven blir då: $t = 3,081$ sekund, og tilveksten i sentrifugalkraft: $k = 0,637 \text{ m/sek}^2$.

Som nemnt side 58 i „Litt om moderne vegbygging“ blir summen av alle avsett ikkje akkurat = Z dersom Z er stor. Er Z stor og n stor, skulde ein helst mæla *bogelengda* for brytingsvinkelen mellom tangentretningsane ved V_p . Men ein kan laga ein tabell til avlesing av bogelengda når ein kjenner Z .

Avsetta i overgangskurven er som nemnt utrekna etter formelen: $y = \frac{x^3}{6 \cdot L \cdot R}$. Dei avsetta som er utrekna har eg rekna med opp til 8 desimaler. Dei oppførde avsetta er heilt rette. Men desse avsetta er utrekna som avsett langs normalar utfrå den *forlengda tangentretingen*. Stikkingslengdene, avstanden mellom normalane, er rekna langs tangentretingen.

Men ved runstikking mæler ein stikkingslengdene langs korden til vedkommende stykke av overgangskurven. Overgangskurven blir alto litt meir krum enn det som svarer til $y = \frac{x^3}{6 \cdot L \cdot R}$.

Men den kurven ein får med desse avsetta og med lengdemåling langs kordene, den svarer til den idealkurve som overgangskurvene bør formast etter: Krummingsauken

(= krummingstilveksten) pr. stikkingslengde er nemlig konstant. Tilveksten i centrifugalkraft, $k \text{ m/sec}^3$, blir då konstant gjennom hele overgangskurven.

Dette er berre tilnærma rett. Det er nemleg då gått ut frå at vinkelen er proporsjonal med kordelengda (= avsettet). Men då det her berre gjeld *små vinklar*, er det liten skilnad på lengda av bogen og den tilsvarende kordelengda frå bøgeende til bøgeende.

Feilen er derfor so liten at vi kan rekna med at krummingsauken er konstant frå kjede til kjede.

Denne ideal-overgangskurven kan ein altso, slik som eg har utarbeidt det, stikka med vanleg rundstikking.

Er overgangskurven lang må ein stikka sers nøyaktig. Men det same kravet får ein ved lange kurver sjølv om der ikkje blir stukke overgangskurve.

Det kan også setjast opp tabeller. Kan då stikka med instrument.

Fig. 45 er oppteikna på grunnlag av desse data:

Kurveradius: $R = 25 \text{ m}$.

Lengda av overgangskurven: $L = 40 \text{ m}$.

Dette er ein litt unaturleg lang overgangskurve når kurveradien er so liten. Men dette er gjort for tydeleg å få fram skilnaden mellom overgangskurven etter formelen:

$$y = \frac{x^3}{6 \cdot L \cdot R} \quad \text{og overgangskurven ved rundstikking etter min nye metode.}$$

Det er liten skilnad mellom dei to overgangskurvene på det fyrste stykket frå OB (overgangskurve begynner). Men da lenger ein kjem frå OB , da meir sprikjer dei to overgangskurvene ut frå kvarandre. Korte overgangskurver i forhold til kurveradien, vil sprikja mindre frå kvarandre.

Overgangskurven som ein får med rundstikking etter min metode er altso forma etter det idealkrav som blir stilt til ein overgangskurve: Krummingen skal auke proporsjonalt med avstanden frå OB . Derved blir auken (tilveksten) i centrifugalkraft konstant.

Overgangskurver med klothoideform fyller også dette kravet. Men klothoide-likninga er so innvikla at det tek lang tid å rekna ut dei data som trengst til stikking av ein klothoideforma overgangskurve. Då den overgangskurven ein får med rundstikking etter min nye metode fullt ut fyller dei krav ein set til overgangskurver, treng ein ved vanleg vegbygging ikkje ta det meir arbeidet som stikking av klothoideforma overgangskurver krev.

Overgangskurver etter min nye metode er praktisk talt klothoideforma.

So lenge ein brukar vanleg rundstikking for vegkurver høver denne nye rundstikkingsmåten for overgangskurver sers godt.

Men skal ein gå over til å stikka med instrument, slik som i jarnbanebygging og bilbanebygging, bør ein setja opp tabeller, slik at denne overgangskurven kan stikkast med instrument.

Lengd av overgangskurver.

Kor lang overgangskurven skal vera avheng av:

1. Kor stor køyrefart vegen skal byggjast for. Køyrefarten fastsett minste kurveradien.
2. Kor stor biltrafikk ein kan venta at vegen får.
3. Kor vrangt og dyrt lendet er å byggja vegen i.

For sume vegkurver i vrangt lende og med liten trafikk lyt ein rekna med å minska køyrefarten. Der blir då mindre kurveradius og kortare overgangskurver enn det som svarer til vanleg lovleg køyrefart på offentlege vegar.

Framanfor er oppsett formular for stikking av overgangskurver med 1 og 2 stikkingslengder. Men som nemnt skulde ein helst ikkje stikka overgangskurver med mindre enn 3 stikkingslengder. Ein skal heller stikka med kortare stikkingslengd, 5 m eller mindre.

I undantakstilfeller, for lite viktige bygdevegar og grenadegar (gardsvegar), kan ein bli nøydd å brukar berre 10 m lang overgangskurve. Det er serleg der vegen skal byggjast over tverrdalar og tverr-rygger i skråhallinge lende det

blir spørsmål om å brukar so korte kurver og overgangskurver som råd er. Avstanden mellom neskurvene (utkurvene) må nemleg då vera like stor som avstanden frå rygg til rygg. Blir minsteavstanden mellom neskurvene større enn avstanden frå rygg til rygg, blir ein nøydd å byggja vegen beint fram over rygger og dalar. Sjølv sagt kan der bli kurver likevel, men dei lyt lempast til etter lendet over større lengder enn avstanden frå rygg til rygg.

Der bør helst vera eit rimeleg forhold mellom kurveradius og lengda av overgangskurvene. Det er nemleg kurveradien som sett grense for den største trygge køyrefarten i ein kurve. Men da større køyrefart di lenger overgangskurve krevst det — innan visse grenser.

I tabell nr. 21 og fig. nr. 30 i „Litt om moderne vegbygging“ er sett opp to verdiar for lengd av overgangskurve. Den minste lengda svarer til auke i centrifugalkraft: $k = 0,637 \text{ m/sec}^3$, den største lengda svarer til $k = 0,45 \text{ m/sec}^3$, når ein køyrer med den fart som tek i bruk friksjonskraft med $f = 0,2$ på veg med tverrfall 6 % mot kurvesentret.

Desse lengdene er oppsette for bilbaner og for andre vegar som kan byggjast slik at trafikken får gode köyre-vilkår. Mange vegar lyt her i landet byggast i dyrt lende, og då mange av dei vil få liten trafikk lyt dei byggjast so billeg som råd er. Av denne grunn lyt ein ofte byggja kortare overgangskurver. For når overgangskurvene er korte, vil ein kunne få kortare bårelengd (sjå seinare under A, B, C, D og E). Då vil vegen kunne lempast meir etter lendet, planeringsmassene blir mindre og vegen kan byggjast billigare.

I slike tilfeller bør ein kunne byggja overgangskurver som er berre ca. halvparten so lange som den L_{\min} som er oppført i tabell 21.

Likevel vil desse veg-kurvene verta bra å köyre i, samanlikna med dei mange vegkurvene som er blitt bygde utan overgangskurver.

På vegar der køyrefarten ikkje kan bli større enn t. eks. 60 km/time treng ein ikkje byggja lenger overgangskurver enn 50 til 70 m. Dette gjeld vanlege vegar sjølv om kurveradien er aldri so stor.

Men det er som regel billeg og enkelt å leggja inn lange overgangskurver når lendet er slik at det er høve til å byggja vegkurver med stor radius. I slikt lende vil ein derfor sume stader kunne leggja inn lange overgangskurver dersom det er ein viktig gjennomgangsveg som skal byggjast, serleg av di det bør reknast med at køyrefarten i framtida kan bli auka på slike viktige og gode vegar.

I tab. 27 har eg sett opp dei lengder av overgangskurver som kan reknast med for ymse slags vegar og tilsvarende auke (tilvekst) i avsett frå kjede til kjede gjennom overgangskurven.

1. I øvste rada er ført opp kurveradien i meter.
2. I andre rada ovanfrå er ført opp den køyrefarten der centrifugalkrafta tek i bruk $f = 0,2$ på köyrebane som har 6 % tverrfall mot kurvesentret.
3. I tridje rada er ført opp ca. lengda av overgangskurve etter rubrikk 4 i tab. 21 i „Litt om moderne vegbygging“.
4. I 4. rada er ført opp kor stor stikkingslengd der er rekna med.
5. I 5. rada er ført opp den tilsvarende auken (tilveksten) i avsett frå stikkingslengd til stikkingslengd gjennom overgangskurven.
6. I 6. rada er ført opp lengda (ca.) av overgangskurve etter rubrikk 6 i tab. 21 i „Litt om moderne vegbygging“.
7. I 7. rada er ført opp den tilsvarende auken (tilveksten) i avsett frå stikkingslengd til stikkingslengd gjennom overgangskurven.
8. I 8. rada er ført opp den minste lengda som eg meiner overgangskurvene kan ha på mindre viktige bygdevegar. Lengda er avrunda til nærmaste 5 eller 10 m.
9. I 9. rada er ført opp den tilsvarende auken i avsett frå stikkingslengd til stikkingslengd gjennom overgangskurven.

Tabel 27.

| | | |
|--|------------------------------|--------------------------------------|
| 1. Kurveradius, m | 20 25 30 40 50 60 | 70 80 90 100 120 150 175 200 250 300 |
| 2. Køyrefart, km/time | 25 28 31 36 40 44 | 48 51 54 57 62 70 75 80 90 99 |
| 3. L_{min} , etter tab. 21 for $T = 4,357$ sek., m | 22 25 27 31 35 38 | 41 44 46 49 54 60 65 69 77 85 |
| 4. Stikkingslengd, m | Med 5 m stikkingslengd = l | Med 10 m stikkingslengd = l |
| 5. Tilsvarande auke i avsett pr. stikkingslengd, i cm (ca.) | 30 20 16 10 7 5 | 35 29 24 20 15 11 9 7 5 3 |
| 6. L etter tab. 21 for $T = 3,081$ sek., m | 31 35 38 44 49 54 | 58 62 66 69 76 85 92 98 110 120 |
| 7. Tilsvarande auke i avsett pr. stikkingslengd i cm | 20 14 11 7 5 4 | 25 20 17 15 11 8 6 5 4 3 |
| 8. Minste lengd av overgangskurve på bygdevegar, skjønnmessig, m | 10 10 15 15 15 15 | 20 20 20 20 30 30 30 30 30 30 |
| 9. Tilsvarande auke i avsett pr. stikkingslengd i cm | 62 50 28 21 17 14 | 71 63 55 50 28 22 19 17 14 11 |

Overgangskurve mellom to kurver.

Overgangskurve mellom to kurver til same sida kan stikkast ved rundstikkning på tilsvarande måte som overgangskurve fra rettlinje til kurve.

Skal overgangskurven vera n_0 stikkingslengder lang, og skilnaden i kordeavsett i dei to kurvene er: $2a \div 2a_1$, skal auken i avsett fra stikkingslengd til neste stikkingslengd vera:

$$d 2a = \frac{2a \div 2a_1}{n_0} \quad (61)$$

Fyrste og siste avsett-auken bør vera berre halvparten so stor. Avsetta blir då i rekjkjefylge frå kurven med det minste avsettet: $2a_1$ til kurven med det største avsettet: $2a$:

$$2a_1 - \left(2a_1 + \frac{d 2a}{2} \right) - \left(2a_1 + \frac{3 \cdot d 2a}{2} \right) - \left(2a_1 + \frac{5 \cdot d 2a}{2} \right) - \left(2a_1 + (n_0 \div 0,5) d 2a \right) - 2a - 2a \text{ osfr.}$$

Som eksempel skal eg ta dette tilfellet:

Overgangskurve frå kurve med $R_1 = 200$ m til kurve med $R_2 = 100$ m. Overgangskurve 50 m lang.

$$2a_1 = 100/200 = 0,5 \text{ m} = 50 \text{ cm} \left(= \frac{l^2}{R_1} \right)$$

$$2a = 100/100 = 1,0 \text{ m} = 100 \text{ cm} \left(= \frac{l^2}{R} \right)$$

$$n_0 = 5 \text{ kjeder (stikkingslengder)}$$

$$d 2a = \frac{100 \div 50}{5} = 10 \text{ cm}$$

Avsett: 50 — 55 — 65 — 75 — 85 — 95 — 100 — 100 cm. osfr.

Nytt eksempel: Overgang frå kurve med radius $R_1 = 125$ m til $R_2 = 250$ m.

Avsett $2a_1 = 100/125 = 0,8 \text{ m} = 80 \text{ cm}$. $2a = 100/250 = 0,4 \text{ m} = 40 \text{ cm}$.

Overgangskurve: $n_0 = 2$ kjeder lang.

$$d 2a = \frac{80 \div 40}{2} = 20 \text{ cm}$$

Avsett: 80 — 80 — 70 — 50 — 40 — 40 — osfr.

Auken (tilveksten) i avsett frå kjede til kjede gjennom overgangskurven mellom to kurver kan ein ta ut av tab. 27.

Dersom ein kan rekna med at køyrefarten skal vera den same i begge dei to kurvene, kan ein brukha det talet som står under den minste av dei to radiane. Men dersom ein lyt rekna med at bilen skal kunne minka farten ved å bremsa under køyring gjennom overgangskurven, lyt ein

rekna med mindre auke i stikkingsavsetta. Ja i sume tilfeller lyst ein rekna med det talet som står under den største av dei to kurveradiane. Det gjeld serleg når vegen har fall frå kurven med stor radius til kurven med liten radius.

Når ein har funne dette talet for auken i stikkingsavsett, $d 2a$, kan ein rekna ut kor mange kjeder lang overgangskurven mellom dei to kurvene (til same sida) bør vera:

$$n_0 = \frac{2a \div 2a_1}{d 2a} \quad (\text{Omforming av formel 61})$$

Ein kan sjølv sagt la overgangskurven vera lengre dersom lendet er slik at *det* høver. Men tabell 27 og formel 61 vil vera til god hjelp for å finna den minste lengd som overgangskurven mellom to kurver til same sida bør ha.

Ein enkel og snogg måte til fyrebuing av kurvestikkning.

Når lendet er ujamnt, helst når vegen skal stikkast over rygger og dalar i skråhallinge lende, er det ofte vanskeleg å sjå:

1. Om det er so lang avstand frå rygg til rygg at der kan stikkast kurve — eller om vegen lyst byggjast beirt over dalen.
2. Kor stor horisontalradius ein bør brukha.

Med hjelp av avstandsmålande handkikkert (prisme-kikkert med strekinndeling t. d.), kan ein finna avstanden fra rygg til rygg. (Avlesing på tachymeterstang.)

Har ein funne ut at der bør stikkast kurve, kan ein på grunnlag av studium av lendet, finna kvar rettlinjene bør leggjast, og deretter merkja opp skjeringspunktia mellom desse rettlinjene: V_p = vinkelpunkta. Fig. 46.

Deretter mäter ein brytingsvinkelane i vinkelpunktia og avstanden frå vinkelpunkt til vinkelpunkt. Bør notera desse data på ei skisse i notisboka.


Brytingsvinkelen B kan mælast enten ved å mæla tverrmålet Z , eller med hjelp av oljekompas med strekinndeling og siktespeglar, eller eit anna enkelt vinkelmålingsinstrument.

Avstanden frå V_p til V_p kan skrittast, mælast med bandmål eller helst og lettast lesast av med kikkert med avstandsstrådar eller strekinndeling. Denne siste måten har eg før brukt som mitraljøsekompanisjef. Hadde vanleg prisme-kikkert med strekinndeling. Laga ei stang med inndeling som ei tachymeterstang. 10-streks mellomromet i prisme-kikkerten skar av like mange cm på stanga som avstanden i m frå kikkerten til stanga.

Har ein oljekompas med strekinndeling og avstandsmålande hankikkert, vil ein på kort tid kunne setja opp ei skisse slik som fig. 46 syner.

Deretter kan ein so planleggja kurvestikkninga. Det er vinkelane B og lengdane frå V_p til V_p som er grunnlag for valg av kurveradius, lengd av overgangskurve og lengd av rettlinje mellom kurverne.

Men for å kunne planleggja kurvestikkning bør ein kjenna den minste lengda som krevst av kurve + overgangskurver + rettlinjer mellom kurver til motsett side.



Lengd av kurve med overgangskurver. Lengd fra neskurve til neskurve.

Eg innfører desse nemningane:

For horisontalkurver: *Vikkurve* (innkurve).
Neskurve (utkurve).

For vertikalkurver: *Ryggkurve* (konvekskurve).
Dældkurve (konkavkurve).

Eg går no ut frå at ein veg blir stukken over fleire ryggar og dalar etter kvarandre slik at fleire neskurver og vikkurver etter kvarandre har same radius R . Vegen ligg då i bårelinje i horisontalprojeksjon (sett i grunnriss).

Lengd frå midten av ein horisontalkurve til midten av nærmeste neskurve:

$$1 \text{ halv horisontal-bårelengd} = L_{bh}/2.$$

Lengd frå midten av ein neskurve til midten av nærmaste neskurve:

$$1 \text{ horisontal-bårelengd} = L_{bh}.$$

Lengd frå midten av ryggkurve til midten av nærmaste dældkurve:

$$1 \text{ halv vertikal-bårelengd} = L_{bv}/2.$$

Lengd frå midten av ryggkurve til midten av nærmaste ryggkurve:

$$1 \text{ vertikal-bårelengd} = L_{bv}.$$

Med dei nemnde fyresetnadar skal eg rekna ut *minste bårelengd* for *horisontalkurver* med ymse lengder av overgangskurver:

A. Overgangskurve som er to stikkingslengder lang: $No = 2$.
 $L_{bh} = n + 1 = 2 \cdot No + 3 = 2 \cdot 2 + 3 = 7$ stikkingslengder (Formel 59).

$$L_{bh} = 2(2No + 3) = 4 \cdot No + 6 = 4 \cdot 2 + 6 = 14 \text{ stikkingslengder.}$$

Med $l = 5$ m: $L_{bh} = 14 \cdot 5 = 70$ m = minste lengd frå nes til nes.

Med $l = 10$ m: $L_{bh} = 14 \cdot 10 = 140$ m = minste lengd frå nes til nes.

B. Med overgangskurve som er 3 stikkingslengder lange. $No = 3$.

$$L_{bh} = 2(2No + 3) = 4No + 6 = 18 \text{ stikkingslengder.}$$

Med stikkingslengd: $l = 5$ m: $L_{bh} = 18 \cdot 5 = 90$ m = minste lengd frå nes til nes.

Med stikkingslengd: $l = 10$ m: $L_{bh} = 18 \cdot 10 = 180$ m = minste lengd frå nes til nes.

C. Med overgangskurve som er 4 stikkingslengder lange. $No = 4$.

$$L_{bh} = 2(2No + 3) = 2(2 \cdot 4 + 3) = 22 \text{ stikkingslengder.}$$

Med $l = 5$ m: $L_{bh} = 22 \cdot 5 = 110$ m = minste lengd frå nes til nes.

Med $l = 10$ m: $L_{bh} = 22 \cdot 10 = 220$ m = minste lengd frå nes til nes.

D. Med overgangskurve som er 5 stikkingslengder lange. $No = 5$.

$$L_{bh} = 2(n + 1) = 2(2No + 3) = 2(2 \cdot 5 + 3) = 2 \cdot 13 = 26 \text{ stikkingslengder.}$$

Med stikkingslengd: $l = 5$ m:

$L_{bh} = 26 \cdot 5 = 130$ m = minste lengd frå nes til nes.

Med stikkingslengd: $l = 10$ m:

$L_{bh} = 26 \cdot 10 = 260$ meter.

E. Med overgangskurve som er 6 stikkingslengder lange. $No = 6$.

$$L_{bh} = 2(n + 1) = 2(2No + 3) = 2(2 \cdot 6 + 3) = 30 \text{ stikkingslengder.}$$

Med stikkingslengd: $l = 5$ m:

$L_{bh} = 30 \cdot 5 = 150$ meter = minste lengd frå nes til nes.

Med $l = 10$ m:

$L_{bh} = 30 \cdot 10 = 300$ m = minste lengd frå nes til nes.

Før ein går igang med stikking (linjelegging) for eit vegprosjekt bør ein setja opp reglane for linjelegginga (sjå side 54 i „Litt om moderne vegbygging“):

Minste ryggavrundingsradius: R_r .

— dældavrundingsradius: R_d .

— horisontalkurveradius: R .

— lengd av overgangskurve: L_{min} .

Største stigning: $n^{0/00}$.

Køyrebanebreidd: B .

Utvinding i kurver: b .

Tverrfall i kurver: q .




Fig. 47. Bærelengd for horisontalkurve.

Deretter bør ein setja opp ein tabel tilsvarende som tab. 27.

I denne tabellen bør også takast med den minste lengd av kurve + overgangskurver + minste rettlinje mellom kurver til motsett side.

Dermed skulde ein ha eit godt grunnlag for linjelegging med hjelp av skissa, fig. 46 og 47.

På grunnlag av det som soleis er innlagt eller notert på skissa, fig. 47, kan ein so stikka vegen i marka. Sjølv sagt lyt ein i mange tilfeller korrigera litt etter den fyrste stikkja.

Innlegging av stigningslinje (gradient).

Når markarbeidet er ferdig, og alle profil er oppteikna, kan ein leggja inn stigningslinja. Då bør ein prøva å få samspel mellom horisontalkurver og vertikalkurver.

Rygg-kurvene i vertikalplanet bør falla saman med neskurvene i horisontalplanet. Dældkurvene (konkav-) i vertikalplanet bør falla saman med vik-kurvene (innkurvene) i horisontalplanet.

